

Sak 6:

Landsstyrets beretning 2019-2020

**SVs 24. ordinære landsmøte
23.-25. april 2021**

Dato: 20.01.21

#svlm21 | sv.no/landsmote



Melding om landsstyret sitt arbeid i 2019 og 2020

Innleiing	2
Eit parti for dei mange, ikkje for de få	2
Ei ny politisk rolle	2
Folkepartiet	2
Landsmøtet 2019	3
Valde organ	3
Landsstyret	3
Sentralstyret	9
Arbeidsutvalet	10
Organisatorisk utvikling	10
Medlemmer	10
Lokallag	11
Organisasjonsfondet	12
Gjennomføring av landsstyret sin arbeidsplan for 2019-2020	12
Lokallag	12
Fylkeslag	13
Medlemmer	13
Utval	14
Folkevalde	14
Skolering	15
Kampanjar og merkedagar	16
Listestilling 2019	17
Kommune- og fylkestingsvalkampen 2019	17
Stortingskandidatar 2021 og listestilling 2023	19
Sosialistisk Ungdom	20
Prioriterte byar, mellomstore byar og storbynettverk	20
Utoverretta arrangement	20
Kommunikasjon og digitale plattformer	21
Tilsette i perioden	22
Løna tillitsvalde	22
Fast tilsette	22
Mellombels tilsette	23
Løns- og arbeidsforhold	24

Innleiing

Eit parti for dei mange, ikkje for de få

2019 og 2020 har vore ein periode med vekst for SV. I perioden har partiet satt ny historisk rekord for tal medlemmer, stilt lister så fleire enn tidlegare har hatt høve til stemme på SV, talet folkevale, ordførarar og varaordførarar er auka og organisasjonen er styrkt. Dette til tross for at store ressursar har blitt brukt til å gjennomføre kommune- og fylkessamanslåingar og at Covid-19 har gjort vanleg organisasjonsarbeid umogleg i store delar av 2020.

Koronakrisa stilte store krav til partiet om å legge om arbeidet til meir digitale former. Det var ein fordel at vi alt hadde infrastrukturen på plass. Fleire landsstyremøte blei raskt gjennomført digitalt, og vi var tidleg ute med å tilby skolering og bruke nokre av ei moglegheitene som ligg i det digitale. Dette gjorde mellom anna at landsstyret var tett kopla på arbeidet med krisepakkane og koronakrisa. Eit samla landsstyre ser derimot fram til vi kan bruke det digitale meir som eit supplement, og ikkje som hovudarena for møta.

Ei ny politisk rolle

Landet står i ei brytingstid, der vi må avgjere korleis vi skal møte endringane som teknologien, klima- og naturkrisa og endra økonomiske forhold tvinger fram. Dei neste åra vil avgjere kva samfunn vi skal vere i tiår framover. Å ta desse utfordringane på alvor, vil krevje ein radikal politikk der omstillinga til eit meir miljøvenleg samfunn skjer på ein måte som tek vare på folk. Kapitalismen tek ikkje omsyn til verken lokalsamfunn, miljø eller folk. Når det økonomiske systemet skaper ulikskap og miljøkrise er det naudsynt med ein politikk som motverkar dette. For SV har det vore viktig i perioden å arbeide for ein sterkast mogleg allianse som tek desse utfordringane på alvor. SV har difor vore pådrivar for å samle alle partia som vil ha raudgrøn politikk i eit forpliktande samarbeid, og samtidig jobbe for eit sterkare samarbeid med rørsler og organisasjonar som deler våre mål.

I perioden har vi også arbeidd med korleis ein politikk som sikrar ei rettferdig omstilling kan sjå ut i praksis. Særleg har dette kome til uttrykk gjennom arbeidet med ein *grøn ny deal*. Dette er eit arbeid som viser korleis ein kan bruke den komande omstillinga til å skape næringar og arbeidsplasser for framtida, på ein måte som i mykje større grad kjem heile befolkninga til gode.

I valet 2019 opplevde vi ein tilsvarande framgang som i stortingsvalet 2017. SV gjekk fram 2 prosentpoeng i oppslutnad, frå 4,1% i 2015 til 6,1% i 2019. Talet folkevalde i kommunane (inkludert bydelane i Oslo) har auka med 102 personar, frå 373 folkevalde i forrige periode til 475 i noverande periode. I 2015 fekk SV ein ordførar, i 2019 fekk vi seks. SV kan også telje 19 varaordførarar etter valet og er med å styre i mange fleire kommunar enn tidlegare. Dette gir ei god plattform for det vidare arbeidet.

Folkepartiet

I perioden har landsstyret prioritert det organisatoriske arbeidet høgt. For å nå dei politiske måla er det naudsynt å bygge ein sterkare og meir mangfaldig organisasjon. Dette har resultert i at SV i dag har fleire medlemmer enn på noko anna tidspunkt i partiet si historie. I perioden har vi gått fram med 2.840 medlemmer, og ved utgangen av 2020 var medlemstalet på 15 292. Heile 9.422 medlemmer har meldt seg inn i løpet av dei fire siste åra, noko som tilsvarer 61,% av dagens medlemsmasse.

Det har difor vore viktig i perioden å arbeide med korleis desse medlemmene skal kunne vere aktive og bidra i partiet. Med denne typen vekst er det avgjerande at partiet arbeider på ein annan måte for at dei som melder seg inn skal oppleve at dei får ein naturleg plass. Mykje

meir av aktiviteten må finne stad utanfor lokallagsstyret eller kommunestyret. Landsstyret har difor gjennom arbeidsplanen lagt vekt på å utvikle fleire former for aktivitet for medlemmene. Dette er også avgjerande for å nå målet om en meir mangfaldig medlemsmasse der fleire ulike typar folk kan bidra i arbeidet. I perioden har vi tatt viktige steg i arbeidet med å skape ein sterk og inkluderande organisasjon, sjølv om det under koronakrisa har blitt vanskelegare å inkludere nye medlemmer.

Eit mål med dei organisatoriske satsingane har vore at partiet skal bli meir utovervendt i arbeidet. Eit sosialistisk folkeparti må vere nær folk. Det betyr å delta i diskusjonane som går, ta opp problema folk opplever i kvardagen og å ta del i dei ulike politiske rørsleane vi er ein del av. Folkemøter, debattmøte og andre arrangement har difor vore prioritert.

I perioden har SV dermed tatt store steg politisk, organisatorisk og i lokal oppslutnad. Vi er sterkare i dag enn for to år sidan og har lagt eit godt fundament for vidare arbeid.

Landsmøtet 2019

Landsmøtet blei halde på Clarion Hotel Oslo Airport på Gardermoen, 29. til 31. mars 2019. Til landsmøtet møtte 165 fylkesvalde delegatar, 8 delegatar frå SU, og 36 delegatar frå landsstyret.

Landsmøtet vedtok partiet sitt prinsippprogram for perioden 2019-2023.

Landsmøtet vedtok også fire hovudresolusjonar:

- SVs plan for å redusere ulikhet i Norge
- SVs plan for klimakutt
- Antirasistisk plattform
- Næringspolitisk plattform

I tillegg vedtok landsmøtet følgjande uttalar:

- SV vil bruke krafta strategisk
- Jernbane er naudsynt
- Trygt helsetilbud i hele landet – skrot helseforetaksmodellen
- Nedrustning i stedet for atomopprustning
- Norge må jobbe for en human løsning for flyktinger i Europa

Valde organ

Landsstyret

Landsstyret hadde fem ordinære møter i 2019 og to ekstraordinære videomøter, og handsama totalt 52 saker i løpet av året. Landsstyret hadde fire ordinære møte i 2020 og åtte ekstraordinære videomøte, og handsama totalt 51 saker i løpet av året.

Landsstyret har oppdatert og vedtatt arbeidsplanen og budsjett i to omgangar. I tillegg til å styre partiprosessar og følgd opp arbeidsplanen har landsstyret i perioden mellom anna handsama langtidsplan for forsvaret, grunnlovsforslag om valdistrikt og strategiarbeid opp mot stortingsvalet 2021.

Landsstyret blei sterkt prega av koronakrisa gjennom store delar av 2020, både med tanke på praktisk organisering og saker på dagsorden. To av dei ordinære møta i juni og november, blei gjennomført digitalt. Eitt av dei ordinære møta som skulle vore gjennomført i mars blei erstatta av eit redusert digitalt møte. I tillegg gjennomføre landsstyret fleire ekstraordinære møte der ein mellom anna diskuterte og handsama regjeringa sitt forslag til fullmaktslov og ulike krisepakkar.

Landsstyret har vedteke følgjande uttalar i perioden:

- Langtidsplan forsvarssektoren 2021-2024
- Regjeringa må forsvare seriøsitetsmodellene i arbeidslivet mot ESA
- Nyvalg nødvendig i Hviterussland
- SV støtter vekterstreiken
- Norge må ta avstand fra Trump og rasismen i USA – og feie for egen dør
- Kvinneperspektiv i koronakommisjonen
- EU vil tvinge Norge til å subsidiere kryptovaluta
- Naturen treng eit sterkare vern mot vindkraftutbygging
- SV krever øyeblikkelig handling for demokrati og menneskerettigheter i Hongkong
- Vi må møte krisen med sterkere fellesskap
- Annektering av Vestbredden kan ikke aksepteres
- SV krever satsing på psykisk helse og tiltak mot selvmord
- Vi trenger en norsk menneskerettighetslov for næringslivet
- Ny norsk Iran-politikk
- Skatteinnkrevjing bør framleis vera ei kommunal oppgåve
- Mer kraft til lokalsamfunn
- Auka løyvingar til ferje- og hurtigbåtfylka
- Aldri mer novemberpogromene
- Norge må reagere på Kinas menneskerettighetsbrudd
- Ja til nasjonal kontroll over energipolitikken
- SV krever sterkere vern av naturen i utbygde vassdrag
- SV gir full støtte til de jernbane-ansattes politiske streik mot EUs 4. jernbanepakke
- Reindrifta og Nord-Norgebanen
- Ja til bosetting av særlig sårbare flyktninger
- Cruiseturisme – fra fritt frem til lokal verdiskaping og klimakutt
- Et Europa uten fascisme og rasisme
- Infrastruktur for framtida – vi løfter i lag
- Kultur der folk bor – bygg den kulturelle grunnmuren
- Ny finansieringsordning for kollektivtransporten
- Stans raseringen av Nord universitet
- Til kamp mot nåtidens husmannslov
- Vindkraft og naturinngrep
- Nødvendige klimaprotester
- SV avviser EUs angrep på det kommunale sjølstyret
- Rettferdig opprør mot dei rike sin president

Landsstyret i perioden

Direktevalde landsstyrerepresentantar

Unni Berge, miljøpolitisk leiar, Oslo

Vara: Ottar Michelsen, Trøndelag

Heming Olaussen, leiar av EU/EØS-utvalet, Vestfold og Telemark

Vara: Hiam Al-Chirout Vestfold og Telemark

Hilde Mari Bjørke, Innlandet - i permisjon frå september 2020

Vara: Line Karlsvik, Møre og Romsdal, direktevalt frå september 2020

Arvinn Eikeland Gadgil, Oslo

Vara: Karianne Hansen Heien, Oslo

Gjermund Skaar, internasjonal leiar, Viken

Vara: Ingeborg Moa, Oslo

Oddny Irene Miljeteig, Vestland

Vara: Nils-Erik Flatø, Oslo

Landsstyrerepresentantar frå fylka

Viken

Rannveig Kvifte Andresen

vara: Anders Ekeland

vara: Mahmud Ahmad

vara: Claudia Behrens

Erlend Ødegård Kåsereff

vara: Sahar Madahian, Bernt Leon Hellesø frå mars 2020

vara: Rune Kjeldsen, Rita Cecilie Skinstad-Bermingrud frå mars 2020

vara: Lena Reitan

Heidi Larsen

vara: Asbjørn Grønland

vara: Lill Harriet Johansen

vara: Camilla Eidsvold

Oslo

Sunniva Holmås Eidsvoll

vara: Carl Morten Amundsen

vara: Hanne Lyssand

vara: Marianne Borgen

Innlandet

Karin Wiik, Anne Lise Fredlund frå mai 2020

vara: Jørn Grøtberg

vara: Mizanur Rahaman

vara: Svein Holen

Bjørnar Tollan Jordet

vara: Ranveig Kjelsnes

vara: Mette Pedersen Mikkelsen

vara: Karin Lervang

Vestfold og Telemark

Grete Wold

vara: Olav Sannes Vika

vara: Lars Egeland

vara: Hiam Al-Chirout

Ådne Naper

vara: Linn Schistad Camara

vara: Torunn Hovde Kaasa

vara: Øyvind Olsen

Agder

Mali Steiro Tronsmoen, Inger Margrethe Stoveland frå mars 2020

vara: Andreas Landmark

vara: Eva Hinlo

vara: Jens Eckhoff

Harald Bjørlew, Mirell Høyer Berntsen frå mars 2020

vara: Mirell Høyer Berntsen, Mali Steiro Tronsmoen frå mars 2020

vara: Fredrik Schulze-Krogh, Inger Brokka de Ruiten frå mars 2020

vara: Cille Steenfledt-Foss, Fredrik Schulze-Krogh frå mars 2020

Rogaland

Ingrid Fiskaa

vara: Heidi Bjerga, Jon Salthe frå mars 2020

vara: Ivar Teigland, Anette Opheim frå mars 2020

vara: Jon Salthe, Jeanette L. Romslo frå mars 2020

Vestland

Torunn Olsnes, Camilla Ahamath frå mars 2020

vara: Akthar Chaudry

vara: Geir Madsen, Torunn Olsnes frå mars 2020

vara: Hege Bjørnør, Geir Madsen frå mars 2020

Hege Lothe

vara: Vibeke Johnsen

vara: Åsmund Bertelsen

vara: Gaute Losnegård

Trøndelag

Siv Furunes

vara: Gudrun Lidal

vara: Ottar Michelsen

vara: Bjørn Salvesen

Astrid Kjelsnes

vara: Rakel Trondal

vara: Ola Kristian Johansen

vara: Ingrid Marie Sylte Isachsen

Møre og Romsdal

Kim Thoresen-Vestre, Bjørn Jacobsen frå mars 2020
vara: Yvonne Wold
vara: Eldar Høidal, Kim Thoresen-Vestre frå mars 2020
vara: Marit Aklestad

Nordland

Christian Torseth, Åshild Pettersen frå mai 2020
vara: Aase Refsnes, Christian Torset frå mai 2020
vara: Hilde Rønningsen, Aase Refsnes frå mai 2020
vara: Vegard Lind-Jæger frå mai 2020

Troms og Finnmark

Bjarne Rohde
vara: Katrine Boel Gregussen
vara: Benjamin Arvola Notkevich, Tom Vegar Kiil frå mars 2020
vara: Anne Guro Dahle, Oda Røseg Olsen frå mars 2020
Inga Manndal, Marit Magelsen Vambheim frå mars 2020
vara: Sigurd Richardsen, Rune Mikalsen frå mars 2020
vara: Ingunn Halvari, Elin Mathisen frå mars 2020
vara: Rune Mikalsen, Stina B. L. Pedersen frå mars 2020

Representantar med tale- og forslagrett

Endre Flatmo, tilsettrepresentant
Nils-Erik Flatø, Skeive sosialistar, Solveig Skaugvoll Foss frå mars 2020
Mikkel Berg-Nordlie, Samepolitisk nettverk

Utval satt ned av landsstyret

Internasjonalt utval

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Gjermund Skaar (leiar)
2. Alexander Lange (SU)
3. Ingeborg Moa (Oslo)
4. Haitham El-noush (Viken)
5. Ingrid Stolpestad (Oslo)
6. Catharina Bu (Oslo)
7. Rolf Vestvik (Viken/New York)
8. Ingrid Fiskaa (Rogaland)
9. Per Botolf Maurseth (Oslo/Innlandet)
10. Zahir Athari (Viken)
11. Anne Marte Sundnes Skaland (Oslo)
12. Oda Heien Larsen (Oslo)
13. Rafael Cobo (Vestland)
14. Maria Hella Lindberg (Troms og Finnmark)
15. Peder Østebø (Rogaland)
16. Åsne Høgetveit (Troms og Finnmark)
17. Sigurd Richardsen (Troms og Finnmark)

Kvinnepolitisk utval

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Ingrid Hødnebo (leiar)
2. Maria Igland (SU), Sunniva Leikanger Yndestad frå juni 2020
3. Åshild Pettersen (Nordland)
4. Martine Furnes Moen (Agder)
5. Sanja Pasovic (Vestfold og Telemark)
6. Siv Karin Kjøllmoen (Oslo)
7. Helga Forus (Oslo)
8. Karin Hærnes Hoel (Oslo)
9. Trine Rogg Korsvik (Viken)
10. Alida Domaas (Trøndelag)
11. Silje Salomonsen (Trøndelag)
12. Vibeke Johnsen (Vestland)
13. Mariann Fossum (Vestland)
14. Gülay Kutal (Oslo)

Fagleg utval

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Knut Øygard (leiar)
2. Balder Alvær Olafsen (SU), Audun Hammer Hovda frå juni 2020
3. Karianne Hansen Heien (Oslo)
4. Kathrine Haugland Martinsen (Oslo), til mai 2020
5. Esben Smistad (Oslo)
6. Sara Bell (Vestland)
7. Jan-Petter Gurholt (Vestfold og Telemark)
8. Ann Ørjebu (Møre og Romsdal)
9. Vigdis Vestvik (Vestland)
10. Ingunn Gjerstad (Oslo)
11. Robert Kippe (Oslo), til mai 2020
12. Erlend Andresen (Trøndelag)
13. Helena Bozicevic (Oslo)
14. Halvor Kolsrud (Oslo), supplert inn juni 2020

Miljøpolitisk utval

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Unni Berge (leiar)
2. Guro Aasaaren (SU), Frida Nodeland Indregard frå juni 2020
3. Andreas Landmark (Agder)
4. Astrid Landstad (Oslo)
5. Thomas Cottis (Innlandet)
6. Ingrid Petrikke Olsen (Troms og Finnmark)
7. Jarle Brattespe (Vestland)
8. Aase Refsnes (Nordland)
9. Ingrid Opedal (Møre og Romsdal)
10. Kerim Nisancioglu (Vestland)
11. Bård Lahn (Oslo)
12. Åsmund Møll Frengstad (Viken)
13. Marianne Singsaas (Vestfold og Telemark)
14. Ottar Michelsen (Trøndelag)
15. Mirell Høyser-Berntsen (Agder)

Inkluderingspolitisk utval

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Marian Hussein (leiar)
2. Jon Machlik (SU), Nilofar Nori frå juni 2020
3. Amina Bile (Oslo)
4. Sadia Jabeen Iqbal (Oslo)
5. Robin Hansson (Agder)
6. Torgeir Selbo (Nordland)
7. Arvinn Gadgil (Oslo)
8. Snorre Valen (Trøndelag)
9. Assad Nasir (Oslo)
10. Hasti Hamidi (Oslo)
11. Lene Auestad (Oslo)
12. Elin Hege Lona (Vestland)
13. Parabaran Rajalingam (Troms og Finnmark)
14. Mohammed Yahya (Trøndelag)

EU/EØS-utvalet

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Heming Olaussen (leiar)
2. Victor Starheim (SU), Alexander Lange frå juni 2020
3. Christian Torseth (Nordland)
4. Dag Seierstad (Innlandet)
5. Heidi Kristin Larsen (Viken)
6. Jørn Grøtberg (Innlandet)
7. Oddrun Årflot (Møre og Romsdal)
8. Tor Brostigen (Oslo)
9. Paul Magnus Gamlemshaug (Agder)
10. Helle Linne Eriksen (Oslo)
11. Anna Nordlund (Vestland)
12. Morten Harper (Trøndelag)
13. Åsa K. Kjølberg Moen (Trøndelag)
14. Cathrine Ertsaas (Oslo)

Sentralstyret

Sentralstyret hadde 15 møter i 2019, og handsama til saman 96 saker. I 2020 hadde sentralstyret 13 møter, og handsama til saman 83 saker.

Sentralstyret i perioden

Leiar og parlamentarisk leiar: Audun Lysbakken

Nestleiar: Kirsti Bergstø

Nestleiar: Torgeir Knag Fylkesnes

Partisekretær: Audun Herning

AU-medlem: Sheida Sangtarash

Kvinnepolitisk leiar: Ingrid Hødnebo

Fagleg leiar: Knut Øygard

Leiar av inkluderingsutvalet: Marian Hussein

Medlem: Gina Barstad

Medlem: Lars Haltbrekken

SU-leiar: Andreas Sjalg Unneland, Synnøve Kronen Snyen frå juni 2020

Varamedlemmer

1. varamedlem: Mina Finstad Berg, permisjon frå september 2020
2. varamedlem: Eirik Faret Sakariassen
3. varamedlem: Yvonne Wold
4. varamedlem: Ådne Naper

Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har i perioden vore samansett av Audun Lysbakken, Kirsti Bergstø, Torgeir Knag Fylkesnes, Audun Herring og Sheida Sangtarash. AU har hatt 35 møter i 2019 og 39 møter i 2020.

Organisatorisk utvikling

Medlemmer

Medlemsutvikling 2018-2020

	31.12. 2018	31.12. 2019	31.12. 2020
Totalt tal medlemmer	12 452	15 195	15 292
Tal medlemmer betalt i år	11 170	13 538	13 858
Tal medlemmer betalt i fjor men ikkje i år	2 260	1 250	1 415
Nye medlemmer i år	1 855	3 787	1 398
Utmeldt grunna manglande betaling i år	- 993	- 1 327	-766
Aktive utmeldingar i år	- 413	- 628	-797

Medlemsutvikling 2018-2020, fordelt på fylka

Fylke i 2018	Fylke frå 2019	31.12. 2018	31.12. 2019	31.12. 2020
Aust-Agder, Vest-Agder	Agder	550	686	672
Hedmark, Oppland	Innlandet	784	889	895
Møre og Romsdal	Møre og Romsdal	571	699	692
Nordland	Nordland	773	948	940
Oslo	Oslo	2 535	2 971	3 103
Rogaland	Rogaland	741	924	933
Troms, Finnmark	Troms og Finnmark	885	1 111	1 151
Trøndelag	Trøndelag	1 292	1 518	1 503
Vestfold, Telemark	Vestfold og Telemark	848	1 010	1 033
Hordaland, Sogn og Fjordane	Vestland	1 632	1 945	2 021
Østfold, Buskerud, Akershus	Viken	1 805	2 251	2 301
SV sentralt	SV sentralt	36	243	48
Totalt		12 452	15 195	15 292

Medlemsauke 2018-2020, fordelt på fylka

Fylke	Endring 2018-2020	Prosentvis endring
Agder	122	22%
Innlandet	111	14%
Møre og Romsdal	121	21%
Nordland	167	22%
Oslo	568	22%
Rogaland	192	26%
Troms og Finnmark	266	30%
Trøndelag	211	16%
Vestfold og Telemark	185	22%
Vestland	389	24%
Viken	496	27%
SV sentralt	12	33%
Sum	2 840	23%

Lokallag

Utvikling i talet lokallag 2018-2020, fordelt på fylka

Fylke i 2018	Fylke frå 2019	31.12. 2018	31.12. 2019	31.12. 2020
Aust-Agder, Vest-Agder	Agder	15	17	17
Hedmark, Oppland	Innlandet	32	35	35
Møre og Romsdal	Møre og Romsdal	19	21	21
Nordland	Nordland	33	32	32
Oslo	Oslo	16	16	16
Rogaland	Rogaland	15	17	17
Troms, Finnmark	Troms og Finnmark	28	29	29
Nord- Trøndelag, Sør-Trøndelag	Trøndelag	34	32	32
Telemark, Vestfold	Vestfold og Telemark	19	19	19
Hordaland, Sogn og Fjordane	Vestland	39	32	32
Akershus, Østfold, Buskerud	Viken	43	41	41
Sum		293	291	291

Organisasjonsfondet

Det har vore satt av kr 400.000 i budsjettmidlar årleg til SV sitt organisasjonsfond, for tildeling av støtte til aktivitetar og prosjekt i partiorganisasjonen. I 2019 vart 44 av 46 søknader tildelt midlar. Det vart løyvd til saman kr 404.755.

I 2020 har det naturleg nok vore lågare søknad til fondet, sidan lokallaga har hatt restriksjonar på kor mykje ein kan legge til rette for fysiske møter. 30 av 32 søknader fekk tildelt midlar, og det har blitt løyvd til saman kr 322.277.

For begge åra har rapportane frå lokal- og fylkeslaga vist at ein har brukt mindre pengar enn ein har fått tildelt, og dette har gjort at det stor ubrukte midlar att i fondet begge åra.

Gjennomføring av landsstyret sin arbeidsplan for 2019-2020

Landsstyret vedtok i 2016 ein langsiktig arbeids- og organisasjonsplan for perioden 2016-2021, som har blitt konkretisert ved inngangen til kvart nytt år, saman med budsjett for det same året.

Ein sterk partiorganisasjon er viktig for SV. Dette er ein føresetnad både for god medlemsoppfølging og for politisk gjennomslag. Det organisatoriske arbeidet har difor vore prioritert i perioden. Nedanfor følgjer ei evaluering av partiet sine aktivitetar og ei vurdering av i kva grad landsstyret sine eigne målsetjingar er nådd.

Lokallag

Ved utgangen av 2020 har SV 291 lokallag, ein liten nedgang frå 293 lokallag i 2018. Dette skuldast nedlegging av lokallag grunna kommunesamanslåingar, samtidig som eitt nytt lokallag har blitt oppretta.

Våren 2019 vart Zetkin innført som system for aktivismobilisering i SV. Zetkin er eit verktøy som gjer det enklare å kartlegge medlemmene sine interesser og halde kontakt med dei.

I 2020 blei fleire lokal- og fylkeslag valt ut til å prøve ut Zetkin sine funksjonar gjennom hausten, for å sjå på kva måte partiorganisasjonen best kan drage nytte av dette verktøyet fram mot valkampen i 2021. Laga har fått opplæring i korleis Zetkin fungerer og korleis dette kan bli brukt mest mogleg effektivt.

Gjennom pilotperioden har lokallaga lært om organisering i Zetkin, lagd spørjeskjema til sine medlemmer, og fått opplæring i korleis ein kan ringe og mobilisere medlemmer gjennom Zetkin. Målet med prosjektet har vore å kartlegge korleis medlemmer i lokallaget ønskjer å vere aktive i lokallaget og få opp aktiviteten i lokallaget, særleg med tanke på stortingsvalet i 2021.

SV sentralt skal i samarbeid med fylkeslaga fortsetje arbeidet med å bruke Zetkin til rekruttering, kartlegging og mobilisering av frivillige i god tid før valkampen. Lokallag skal få hjelp til å bruke systemet på den måten Zetkin er tenkt brukt i valkampen.

Gjennom 2019 og 2020 har Ressursbanken på SV sine nettsider blitt ytterlegare utvida, samtidig som arbeidet med å få opp bruken av denne har vore vidareført.

I 2020 har fleire av lokallaga blitt invitert til å bidra i større prosessar i partiet. Mellom anna om å gje innspel til Grøn ny deal og arbeidsprogrammet 2021–2025. Utover dette har lokallagsleiarane motteke fleire av dei politiske pakkane som har blitt sendt ut frå sentralt til lokalt folkevalde (sjå utfyllande liste under “Folkevalde”).

Det har både i 2019 og 2020 blitt gjennomført styreskolering på nett for nye lokallagsleiarar etter at årsmøta i laga var gjennomført. Eit tilsvarande møte blei også gjennomført på hausten.

Fylkeslag

I 2019 ble samanslåingsprosessane for fylkeslaga fullført og SV har no 11 fylkeslag. Det har gått med mykje ressursar og tid i fylkeslaga til å gjere denne overgangen så god som mogleg.

Det blei arrangert ei eiga samling for fylkesleiarar og fylkessekretærar i november 2019. I tillegg deltok også eit fylkesstyremedlem frå kvart fylke. Ei liknande samling var planlagt i november 2020, men denne blei avlyst i lys av koronarestriksjonar. I tillegg har tilsette i fylka delteke på strategisamlingar med tilsette på partikontoret og i stortingssekretariatet, sentralstyret og stortingsgruppa.

Arbeidsplanen til SV fastslår at alle fylkeslag skal tilby lokallaga sine styreskolering minst ein gong i året. Våren 2020 blei det satt ned ei eiga prosjektgruppa samansett av tilsette på partikontoret og i fylka, som utarbeidde ei ny skolering for tillitsvalde i lokallag. Det nye skoleringsopplegget blei lansert i november 2020.

Kvinnepolitisk utval og Skeive sosialistar presenterte i januar 2020 nye malar for formøte, tilpassa arrangement i fylkeslaga.

Medlemmer

Ved utgangen av 2020 hadde SV 15.292 medlemmer. Dette er ei auke på 97 medlemmer frå 2019, då SV hadde 15.195 medlemmer, og på 2.840 frå 2018, då medlemstalet var 12.452. Den største auken skjedde i august og september 2019, under og like etter lokalvalkampen.

Det langsiktige målet er å nå 20.000 medlemmar i 2021. Følgande tiltak har blitt gjennomført for å nå dette målet:

- Arbeidd for at flest mogleg nye og gamle medlemmar betalar kontingenten gjennom avtalegiro, SMS-betaling, Vipps-betaling
- Innføring av rutinar for å ringe medlemmer slutten av året for å få dei til å betale kontingenten (såkalla gjenbetalingsringing).
- Kampanje om gratis medlemskap ut inneverande år og 100 kroners medlemskap påfølgjande år.
- Aktivisering av medlemmer i lokallag gjennom valkampen, og tilbod om aktivitetar der medlemmar kan bidra gjennom heile året, også i ikkje-valår.

Gjennom 2019 og 2020 har vi halde fokuset på å aktivisere medlemmane, og ta godt imot nye. Det er arrangert “Ny i SV”-nettmøte og fleire digitale møte som har vore opne for alle SV-medlemmer. Vi har også inkludert lysbilete om verving og medlemsinvolvering i alle presentasjonar som blir laga sentralt.

Alle medlemmer blei invitert til nettmøte om korleis få verv i SV i november 2019 og november 2020. Mellom deltakarane på kurset i 2019 var det fleire som i ei påfølgjande undersøking svarte at dei hadde fått sitt første verv i SV på lokallaget sitt årsmøte i 2020.

I likskap med lokallaga, har også medlemmane blitt invitert til å medverke i samband med større pågåande prosessar i partiet, mellom anna til Grøn ny deal og arbeidsprogrammet 2021–2025.

Utval

SV har i perioden hatt internasjonalt utval, kvinnepolitisk utval, miljøpolitisk utval, fagleg utval, inkluderingsutval og EU/EØS-utvalet. I tillegg har vi Skeive sosialistar, kulturpolitisk nettverk, samepolitisk nettverk og helsepolitisk nettverk.

Utvala har gjennomført fleire arrangement, både fysisk og som nettmøte. Utvala har kome med fleire forslag til uttalar til landsstyret.

Partiet har også politiske nettverk der medlemmer kan melde seg inn og halde seg oppdatert på utvala sine fagfelt. Nettverka blir administrert av partikontoret, men utvala har ansvar for utsending av nyheitsbrev og å arrangere møter. Det er varierende i kva grad nettverka har blitt brukt og vore aktive.

Partiet har sidan 2017 arbeidd med å utvikle eit samepolitisk organisasjonsledd. I 2018 sette Sentralstyret ned eit styre for eit samepolitisk nettverk, og i 2019 gjennomførte SV sin første Samepolitiske konferanse. Landsstyret vedtok i arbeidsplanen for 2020 at partiet skulle ha ein samepolitisk konferanse også i 2020, som mellom anna skulle diskutere forslag til Landsmøtet 2021 om kva slags struktur SV sitt samepolitiske organisasjonsledd skal ha. På grunn av koronaen blei SV sin andre Samepolitiske konferanse gjennomført digitalt. Konferansen, som var open for alle medlemmer i SV, vedtok eit forslag til samepolitisk struktur for SV og valde eit nytt styre for den samepolitiske strukturen i SV. Konferansen vedtok også å endre namn på Samepolitisk Nettverk til Samepolitisk Forum, og på styret til Samepolitisk Råd

Fleire utval har fylkeskontaktar som skal vera bindeledd mellom utvala og lokalorganisasjonen. Det er stor variasjon i kva grad desse har blitt brukt og vore aktive.

Folkevalde

Partikontoret si oppfølging av folkevalde har i perioden vore prioritert opp mot månadlege nyheitsbrev, utvikling av politiske pakkar og særleg oppfølging av unge folkevalde. I samband med kommune- og fylkestingsvalet i 2019 blei det oppretta ei eiga ressurside på SV sine nettsider, under vignetten Folkevalgtportalen.

Etter valet i 2019 fekk dei valde kommune- og fylkestingsrepresentantane ein velkomstpakke som inneheldt eit brev frå partisekretæren, tips for ferske folkevalde og eit notat som omtalar eit kalenderår i kommunestyret. Det blei også arrangert eit eige introduksjonsnettmøte i oktober 2019.

I november 2019 blei det arrangert ei eiga samling for unge folkevalde, der målgruppa var alle som var under 30 år når de blei valt inn i valåret 2019. Ei liknande samling var planlagt hausten 2020, men blei avlyst grunna smittevernreglar.

Ei av dei større organisatoriske prioriteringane i perioden var ei nasjonal konferanse for folkevalde. Denne skulle vore gjennomført i mars 2020, men blei også avlyst grunna

koronasituasjonen. Åtte av elleve fylkeslag har gjennomført ei eller fleire samlingar for folkevalde i fylket sitt i løpet av perioden. I januar 2020 arrangerte fagleg utval ei samling som mellom anna retta seg mot folkevalde, og på programmet stod mellom anna fagpolitisk arbeid i kommunestyre og fylkesting.

Etter kommune- og fylkestingsvalet i 2019 har SV 6 ordførarar og 19 varaordførarar. SV er også representert i hovudstyret i KS ved Ådne Naper (Vestfold og Telemark).

Hausten 2020 blei det gjennomført ei større kartlegging av SV sine folkevalde, som gir moglegheit til å gi oppfølging basert på komité- og utvalstilhøyre lokalt. I kartlegginga vart det også undersøkt om det er interesse for å danne nettverk for kvinnelege folkevalde, og folkevalde som ønskjer oppfølging av inkluderingspolitisk utval fekk høve til å gi beskjed om det.

SV sine folkevalde har i perioden motteke følgjande politiske pakkar frå partiet sentralt og desse har også blitt gjort tilgjengeleg i Folkevalgtportalen:

- Ressurspakke om tilslutning til ICAN Cities Appeal.
- Ressurspakke til folkevalde i samband med kvinnedagen 2019 og 2020.
- Informasjon om korleis løfte lokale saker til Stortinget.
- Ressurspakke frå Skeive sosialistar om arbeid med kjønns- og seksualitetsmangfald i lokalpolitikken.
- Ressurspakke om evakuering av flyktningleiren Moria
- Informasjon og innlegg om regjeringa sitt forslag til kommuneøkonomiproposisjon
- Ressurspakke om verdas miljødag 2020.
- Ressurspakke om EUs fjerde jernbanepakke.
- Forslag om juletillegg for mottakarar av sosialstønad.
- SV sitt alternative statsbudsjett for 2019 og 2020 med oversikt over kommune- og fylkesøkonomien.

I tillegg til denne lista bar mykje av den sentrale folkevaldoppfølginga i 2020 preg av koronakrisa. Notat, innlegg og informasjon om krisepakkar, kompensasjonsordningar og koronatiltak blei delt med dei folkevalde gjennom store delar av 2020.

Skolering

I arbeidsplanen som landstyret har vedteke for perioden 2018-2021 er det formulert ein del overordna mål som har vore styrande for arbeidet med skolering. Her er det m.a. fastslått at SV skal ha sjølvsikre og entusiastiske medlemmer og tillitsvalde som målber SVs sitt verdibodskap og politiske prosjekt med ein sterk organisasjon i ryggen, og at vi skal dyrke fram ein ny generasjonar SV-arar. Den sterke medlemsveksten vi har opplevd over tid, og som har vore ekstra sterk dei siste to åra, underbygg behovet for skolering i partiorganisasjonen.

Det har blitt lagt ressursar i å utarbeide og vidareutvikle skoleringsressursar med både politisk og organisatorisk innhald for partiet, og for å systematisere arbeidet med skolering. Det blir lagt vekt på å samle alt av organisatoriske ressursar og skoleringsopplegg på Ressursbanken på SV sine nettsider.

Til valkampen i 2019 blei det utvikla eigne skoleringsopplegg:

- Ei organisatorisk innleiing om planlegging og gjennomføring av valkampen,.
- Politiske innleiingar om hovudbodskapen og Grøn ny deal.

I 2019 utarbeidde EU/EØS-utvalet eit grunnskoleringsopplegg i EU/EØS på bestilling frå sentralstyret

Sommaren 2020 blei det forsøkt noko helt nytt, då EU/EØS- utvalet i samarbeid med stortingsrepresentant Arne Nævra utarbeidde eit skolerings- og aksjonsopplegg i samband med at Stortinget skulle behandle EU's fjerde jernbanepakke. Slike opplegg, der ein kombinerer skolering og oppskrifter på aksjonisme, bør partiet prøve ut meir i samband med konkrete saker.

I november 2020 blei det lansert eit grunnskoleringsopplegg for tillitsvalde i lokallaga. Denne er satt saman av seks ulike delar, og er lansert på begge målformer:

- Å leie eit lokallag
- Medlemsoppfølging
- Aktivitetar og arrangement
- Økonomi og administrasjon
- Kommunikasjon
- Lokallaget som politisk kraft.

Konseptet «Lån ein foredragshaldar», er vidareført, men lite brukt. Vi har også i aukande grad brukt nettmøte til skolering, noko som særleg har vore nyttig i 2020. Det at stadig fleire medlemmer og lokallag har blitt kjent med SV sitt digitale møteplattform Zoom gjennom dette året, har sannsynlegvis også gjort at det vil bli endå enklare å gjennomføre meir skolering digitalt framover.

Kampanjar og merkedagar

I arbeidsplanen for 2019 blei det vedteke at det ikkje skulle bli gjennomført andre større kampanjar enn sjølve valkampanjen, då dette fungerte lite optimalt i 2017. I 2019 blei difor fokuset i større grad retta mot merkedagane, med hovudvekt på 8. mars, 1. mai og verdas miljødag 5. juni. Det blei laga løpesetlar, plakatar, bilete til sosiale medium og lesarinnlegg/appellar i samband med desse dagane. I tillegg var tema for dei ulike merkedagane også framheva i SV sine kanalar i sosiale medium veka før den aktuelle merkedagen. I tillegg til desse merkedagane, vedtok arbeidsutvalet at ei rekke andre dagar også skulle markerast, og dette blei gjennomført ved at det vart laga og lagt ut delingsbilete.

Vi gjennomførte også to nasjonale aksjonsdagar i samband med valet i 2019. 29. august og 7. september var fokuset å få flest mogleg lokallag ut for å møte veljarane, og det blei sendt ut materiell til utdeling og tips til aktivitetar lokallaga kunne gjennomføre desse dagane.

I 2020 var det planlagt ei større kampanje på hausten, der målet var at så mange lokallag som mogleg skulle gjennomføre minst eitt ope arrangement. Desse arrangementa skulle medverke til å styrke lokallaga, mobilisere til aktivitetar i god tid før valet, og auke kunnskapen om viktig politikk i nærmiljøet. På grunn av koronasituasjonen let ikkje denne kampanjen seg gjennomføre. Det vart difor lagt opp til ein større digital aksjonskveld 9. desember, der lokallaga fekk tilsendt ein film dei skulle dele i sosiale medium.

8. mars blei markert som normalt dei fleste stader i 2020, berre dagar før landet stengte ned. Det vart laga løpesetlar, plakatar, lesarinnlegg, appellar og delebilete til sosiale medium.

1. mai blei derimot markert heildigitalt, og vi hadde mange livesendingar gjennom dagen. I tillegg hadde vi foredrag kvelden før for å lade opp, og det vart laga fleire ulike digitale løpesetlar som ble delt i sosiale medium. Vi fekk også produsert ein egen versjon av Internasjonalen med Daniela Reyes.

Verdas miljødag 5. juni blei også markert digitalt, med digitale løpesetlar og delebilete. I tillegg sendte vi ei livesending eit par dagar før som “oppvarming”, og dagen var også fokus i sendinga med Lahlum og Lysbakken på sjølve dagen. Lokallaga blei også oppmoda om å arrangere strand-/skog-/byrydding på ein forsvarleg måte der smittesituasjonen gjorde det mogleg.

Listestilling 2019

Arbeidet med listestilling starta i 2018, og ansvaret for arbeidet med listene blei fordelt mellom fylkeslaga og partikontoret. Alle fylka fekk melding om å velje ein listeansvarleg, som var bindeleddet mellom sentralleddet og fylkeslaget. Eit klart fokus i arbeidet var å gjennomføre nominasjonsarbeidet så tidleg som mogleg.

Det har blitt gjennomført fleire ulike interne kampanjar for å få personar til å melde seg til å stå på lister. Det blei arbeidd godt i fleire fylke, der både innsatsvilje og kreativitet var oppskrifta på å lukkast. Det var fleire må i arbeidet med listene, mellom anna å auke talet veljarar som hadde moglegheit til å stemme SV, fleire kvinnelege listetoppar og fleire unge folkevalde. Alle desse måla blei nådd.

Totalt stilte SV 241 lister ved kommunevalet 2019, og i alle 11 fylke. Dette ga SV ein dekningsgrad på 67,7%, ei auke på 3,9%% frå kommunevalet i 2015.

I evalueringa av arbeidet med listene, framkom det fleire punkt som har forbettringspotensial i det framtidige arbeidet. Betre rapporteringssystem, tidlegare oppstart og tidlegare målretta innsats for å få fleire kvinner på topp er døme på dette.

Kommune- og fylkestingsvalkampen 2019

Det førebunde arbeidet til Kommune- og fylkestingsvalkampen starta våren 2018. Landsstyret sette ned eit utval, leia av nestleiar Kirsti Bergstø, som fekk som oppdrag å utarbeide ei valkampplattform. I denne perioden tok arbeidet med listene mest fokus.

På slutten av 2018 kom det gjennom tre fokusgrupper fram at SV blei oppfatta som eit parti for «vanlege borgarar», der veljarane blei oppfatta som unge og sympatiske, som menneske bryr seg om samfunnet og sine medmenneske, familie og miljø- og klimaspørsmål. Fokusgruppene meinte samtidig at SV ikkje i tilstrekkeleg grad hadde fylt plassen som hadde opna seg til venstre for AP, og at Raudt stod fram meir tydeleg på dei raude sakene, medan MDG var meir tydelege på dei grøne.

I januar 2019 låg SV i snitt på 7,4% oppslutnad på snittet av meiningsmålingar som dekker Stortingsval. Sjølv med fleire lister i 2019 enn i 2015, ville det framleis vere færre som ville få stemt SV ved kommunevalet. Det var dermed ikkje naturleg å setje eit mål basert på resultatet i 2017, men heller mot oppslutninga og talet folkevalde i 2015, der SV fekk 4,1% oppslutnad.

Som ei følgje av kommune- og fylkessamanslåinga var det færre valkrinsar i 2019 enn i 2015. Dette har i nokre tilfelle vore ein organisatorisk fordel for SV. SV er eit relativt lite parti, og veljarar i tidlegare små kommunar utan SV-liste hadde høve til å stemme SV ved dette valet grunna samanslåing med større kommunar med etablerte SV-lag.

Det var satt tre mål til valet i 2019:

- Framgang frå kommunevalet i 2015, både i oppslutnad og talet folkevalde.
- Auke i talet kommunar der SV er i posisjon
- Auke i talet ordførarar og varaordførarar

Det blei laga ei eiga dreiebok for valkampen, som blei styringsverktøyet for planlegging av den politiske og organisatoriske valkampen for partileiinga og valkampsekretariatet. Dokumentet har blitt diskutert og vidareutvikla fortløpande i arbeidsutvalet og valkampgruppa sentralt.

Partiorganisasjonen blei oppmoda om å gjennomføre nominasjonsmøta så tidleg som, for å ha tid til å bygge profilar som folk kunne kjenne att under valkampen. Dette var ekstra viktig i kommunar og fylke som skulle slå seg saman, då mange av kandidatnamna ville vere ukjende for nye veljarar. Alle førstekandidatar blei invitert til kandidatsamling på Gardermoen i mars 2019. Ungdomskandidatar og kandidatar med minoritetsbakgrunn hadde også høve til å melde seg på samlinga. Frå januar 2019 fekk alle førstekandidatar tilsendt kandidatbrev med utspelsidear og forslag til lesarbrev.

Hovudsaker

SV gjekk til val på to hovudsaker: kamp mot skilnader og klimasaka. Politisk strategi for kommune- og fylkestingsvalet 2019 (også kjent som «Kommuneplattforma») var den politiske strategien for valet. Denne blei sendt ut til lokal- og fylkeslaga allereie i november 2018, for å gi laga god tid til å ta med politikken frå dette dokumentet inn i eige programarbeid.

SV hadde eit hovudslagord: “For dei mange - ikkje for dei få”. I tillegg vart det lagt opp til å bruke “Framtid, ikkje forureining” og “Menneske, ikkje marknad” som slagord for å markere grøne og raude saker.

Kommuneplattforma blei presentert i skuleringa «Hovudbodskap 2019», som blei sendt ut i organisasjonen og som sentralt tilsette presenterte på fleire valkampsamlingar i lokal- og fylkeslag våren 2019. Partikontoret la også stor vekt på å få inn skulering av frivillige i programma til valkampsamlingar i framkant av valkampen, då den store medlemsveksten våren 2019 medførte at det ville vere mange ferske frivillige i denne valkampen.

Nye system

Våren 2019 blei Brandmaster og Zetkin introdusert som nye verktøy for å gi fylkes- og lokallaga høve til å lage sitt eige materiell, både på trykk og på nett, og for å rekruttere og involvere medlemmer i valkpararbeidet. Det blei gitt opplæring til tilsette på partikontoret og i fylka, i tillegg til at det blei gjennomført nettmøte med opplæring for fylkes- og lokallagsleiingar.

Ringesentral

I førebuinga til valkampen blei det vedteke at SV skulle vidareføre fokuset på direkte veljarkontakt som starta i samband med valkampen 2015 og som også var fokus i valkampen 2017. Det blei avgjort at vi også i denne valkampen skulle ta kontakt med veljarar på telefon, gjennom etablering av ein nasjonal ringesentral.

Vinteren 2019 starta vi å få analysar gjort av Prognosesenteret der ein kunne sjå kva grunnkrinsar SV har god oppslutning i. Dette arbeidet ble rulla ut i løpet av våren, då vi fekk på plass ei kartløyising, og deretter kunne velje krinsar for kvar vi skulle ringe i valkampen.

Valkamp i lokallaga

Dei fleste lokallaga dreiv tradisjonell valkamp ved å stå på stand dei siste fire laurdagane i valkampen, laga trykte opp løpesetlar og program og mange delte ut desse til alle postkassane i kommunen (anten ved postkasseaksjon eller ved å betale for postlevering), og

laga har arbeidd for å få kome på trykk i lokalavisa med lesarinnlegg eller redaksjonell omtale.

Resultat

SV gjekk fram 2 prosentpoeng i oppslutnad, frå 4,1% i 2015 til 6,1% i 2019. Talet folkevalde i kommunane (inkludert bydelane i Oslo) har auka med 102 personar, frå 373 folkevalde i forrige periode til 475 i noverande periode. I 2015 fekk SV ein ordførar, i 2019 fekk vi seks. SV kan også telje 19 varaordførarar etter valet.

Oppslutnad i dei 240 kommunane SV stilte liste:

Kommunestørrelse, etter tal personar med stemmerett	Tal kommunar med denne størrelsen	Fordeling av alle med stemmerett	SV sin gjennomsnittlege oppslutnad	SV sin totale oppslutnad fordelt på kommunane
Færre enn 2.000	38	1,28%	9,52 %	2,04 %
2.000-5.000	59	5,06%	7,41 %	5,91 %
5.000-10.000	54	9,71%	5,67 %	8,51 %
10.000-20.000	46	17,18%	5,34 %	13,90 %
20.000-50.000	29	22,43%	5,20 %	17,18 %
over 50.000	14	44,34%	7,54 %	52,46 %
	240	100,00%		100,00 %

Stortingskandidatar 2021 og listestilling 2023

Landsstyret handsama i november 2019 ei sak om nominasjonsprosessar i partiet, der ein vedtok mål og prosessar i samband med dette arbeidet. Eit særleg uttalt mål var at nominasjonsprosessane fram mot stortingsvalet i 2021 skulle resultere i at SV stilte med fleire kvinner, personar med minoritetsbakgrunn og personar med tilknytning til fagrørsla og miljørørsla på førsteplass enn ved valet i 2017.

Vidare blei det slått fast at alle fylkeslaga skulle vedta prosess for nominasjonsarbeidet på fylkesårsmøta i 2020, og nominasjonsprosessane for dei ulike valkrinsane skulle bli slutført så tidleg som mogleg, for å kunne starte valkamparbeidet tidleg. Landsstyret avgjorde også å legge arbeidet med uravstemming på is, og heller vurdere dette på nytt ved stortingsvalet i 2025.

Frå SV sentralt blei det utarbeidd eit forventingsnotat til kandidatar som takker ja til å stille på liste til stortingvalet. Landsstyret vedtok å oppmode nominasjonskomiteane i krinsane om å ta denne lista i bruk. Då situasjonen rundt Covid-19 sette sitt preg på landet i mars, blei nominasjonsmøte raskt eit diskusjonstema i SV, og det blei satt i gang eit arbeid med å få opp eit system der møta kunne bli gjennomført digitalt på ein trygg og sikker måte, om det skulle bli naudsynt. Smittesituasjonen har medført at fleire av møta blei utsett, og gjort digitale. Mellom anna blei dette situasjonen for Oslo SV sitt nominasjonsmøte, som er mellom die største politiske møta i Norge.

Ved utgangen av 2020 hadde 12 av 19 valkrinsar gjennomført nominasjonsmøte.

Landsstyret vedtok gjennom arbeidsplanen for 2020 ei særleg oppfølging av lokallag som stilte liste ved kommunevalet, men som ikkje blei representert i kommunestyret. Vidare blei det vedteke å arbeide for å at lokallag som ikkje stilte liste i 2019, vil stille liste til kommunevalet i 2023, og å arbeide for å etablere nye lokallag i kommunar som ikkje har dette.

Sosialistisk Ungdom

SV har hatt eit godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom i perioden, både i den ordinære drifta, og i førebuingar og gjennomføring av valkampen. Det har vore haldne jamlege møter mellom partisekretær og leiinga i SU.

Hausten 2019 blei det i samarbeid med SU arrangert ei samling for unge folkevalde, med rundt 60 deltakarar. Det vart avtalt at vi skulle få til slike samlingar kvart år, men i 2020 blei denne avlyst grunna situasjonen rundt Covid-19.

Prioriterte byar, mellomstore byar og storbynettverk

SV har sidan 2015 hatt eit prosjekt kalla "prioriterte byar." Målet med prosjektet har vore å styrke desse byane både politisk og organisatorisk gjere dei klar for valkamp, ved å t.d. arbeide med programarbeid, konkrete valkampplanar og skolering. Det har særleg vore fokusert på utoverretta arrangement, som t.d. folkemøte. Sentralstyret vedtok i samråd med fylkeslaga kva byar som skulle delta i prosjektet, på bakgrunn av valresultat, geografi og andre relevante forhold. Tett oppfølging, skoleringar, folkemøte og støtte i kampanjar og valkampplanlegging har medverka til at fleire lag har fått auka aktivitet og meir trening i å planlegge, gjennomføre og mobilisere til arrangement.

I 2019 var det byane Kristiansand, Haugesund, Tromsø, Hamar, Moss, Skien, Sarpsborg og Drammen som fekk ei særleg organisatorisk og politisk oppfølging. Det meste av oppfølginga var knytt til lokalvalet. Det blei gjennomført ei eiga strategi- og valkampsamling for desse byane i januar 2019. Alle byane gjennomførte folkemøte med partileiaren, og laga fekk tilbod om kandidatskolering og grafisk hjelp under sjølve valkampen.

Landsstyret vedtok å ikkje vidareføre prosjektet i arbeidsplanen for 2020.

Storbynettverket er samansett av representantar frå Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim. Desse fire byane utgjer rundt 40% av dei totale stemmene til SV ved val, og har stor innverknad på det samla valresultatet til SV. Nettverket møtast 2-3 gongar i året for å drøfte politiske og organisatoriske utfordringar, og får å utveksle erfaringar. Partikontoret koordinerer nettverket.

Utoverretta arrangement

SV har mål om å vere eit utoverretta, inkluderande og mangfaldig parti som inviterer folk med på laget. Difor har vi i 2019 og 2020 vidareutvikla arenaer og møteformer der vi kan auke entusiasmen rundt det politiske prosjektet vårt. Spesielt er det lagt ressursar i å reindyrke og utvikle konsept, og få dette etablert i organisasjonen. Det er mellom anna utarbeidd malar for følgjande konsept; Folkemøte, torgfest, Gi SV beskjed, Sosialistisk Venstreparty, Live-podcast, Ut i Naturen, Duellmøte, Debattar, Barselkafé og Ny i SV.

Eit hovudmål har vore å auke mobiliseringa, mellom anna gjennom målretta promotering og samarbeid med andre organisasjonar. Eit godt døme på dette har vore individuelle strategiar for enkelte stortingsrepresentantar, som Arne Nævra sitt konsept "Frå bjørneskogen til Løvebakken" som blir arrangert av SV sentralt, eit lokalt SV-lag og ein til to miljøorganisasjonar.

Covid-19 har medført at vi har vore tvungen til å tenke nytt og annleis rundt arrangement, og SV har nedskalert utoverretta arrangement på alle nivå. Vi har samtidig arbeidd konkret med kompetanseheving i lokal- og fylkeslaga på gjennomføring av digitale arrangement, og auka

talet digitale arrangement, spesielt live-sendingar på sosiale medium. I 2020 er det også arbeid med konsept og informasjonsspreiing som er tilpassa situasjonen.

Dei mest suksessrike og innarbeidde konseptta blir omtalt i det i det følgjande:

Sosialistisk Venstreparty

Målet med Sosialistiske Venstreparties er å bygge opp nettverk og tilliten til dei eksisterande nettverka til partiet sine folkevalde og kandidatar. Frå våren 2019 og fram til valet var målet å arrangere 130 Sosialistiske Venstreparties rundt om i landet. Særleg vart det lagt vekt på at nye og ukjende toppkandidatar skulle bli oppmuntra til å arrangere Sosialistisk Venstreparty, for å mobilisere i nettverka i sitt eige lokalmiljø.

Folkemøte

Målet med folkemøta er å nå ut til medlemmer og nysgjerrige potensielle veljarar og spreie SV sin politikk. Her får ein høve til å møte partileiaren og bli kjent med SV sin politikk. Møta skulle engasjere lokalmiljøet og skape debatt om hovudtemaet "Ulikskap og miljø".

Det er gjennomført folkemøte i dei fleste mellomstore byane og storbyane. Før pandemien var det i gjennomsnitt 120 besøkande, og hausten 2020 var det i gjennomsnitt 40 besøkande.

Live- podcast

Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim har hatt live- show med podcasten Lahlum & Lysbakken, med over 100 besøkande i snitt. Her har spesielt studiestadene vore ein viktig arena. Det har vore viktig å gjennomføre arrangement på nye arenaer og møtestader der vi kan nå nye veljargrupper.

Gatefest

Det blei i starten av den intense valkampen i 2019 arrangert gatefestar i Oslo og Bergen. Målet var å mobilisere inn mot den mest intensive delen av valkampen, gjere SV synlege i bybiletet og legge til rette for aktivitetar for alle, både medlemmer, sympatisørar og andre som ønskjer å være med.

Kommunikasjon og digitale plattformer

SV har brukt nettsida, e-postlister, nyheitsbrev og sosiale medium som sentrale element i den interne og eksterne kommunikasjonen. Dei ulike digitale flatene har blitt brukt til kampanjar, verving, medlems- og veljarkontakt. Det har vore arbeid med å utvikle desse flatene, og det har mellom anna blitt gjort eit arbeid med å forbetre nyheitsbrev. Zetkin, som er omtalt tidlegare i meldinga, har blitt operasjonalisert og blir prøvd ut i fleire lag for å ringe og organisere frivillige og medlemmer.

Design og visuell identitet er oppdatert i 2020, og utrulling er i gang i framkant av den lange valkampen i 2021, for å gi partiet et nytt og meir heilskapleg uttrykk. Nye nettsider er under utvikling. Universell utforming er en viktig del av arbeidet med den nye nettsidene og den nye grafiske profilen.

I 2020 har heile partiorganisasjonen vore tvungen til å tenke meir digitalt. Organisasjonen har blitt satt i stand til å gjennomføre digitale møte, og det er lansert og innført eit nytt system for å kunne stemme digitalt. Organisasjonen har fått opplæring i dei nye digitale systema for møtegjennomføring.

Strøyming av møter og arrangement har blitt ein større del av kvardagen, både internt i partiet og i møte med veljarar. Utoverretta arrangement har blitt digitale, og eksisterande konsept har blitt tilpassa ein ny kvardag. Arbeidet med å førebu organisasjonen på

nye måtar å drive valkamp på er i full gang, og både lokal- og fylkeslag har fått opplæring i bruk av sosiale medium og andre digitale verktøy for å sette dei i stand til dette. Den nye kvardagen har teke mykje tid og ressursar, men har også bidrege til at partiorganisasjonen har sett nye løysingar for å drive moderne valkamp og organisasjonsarbeid.

Tilsette i perioden

Ved utgangen av perioden har SV 20 faste stillingar. Dette er fordelt på 11 stillingar og 10,1 årsverk på partikontoret, og 9 stillingar fordelt på 8,2 årsverk i fylka. I tillegg har to tillitsvalde blitt frikjøpt i perioden.

I løpet av dei siste åra ha SV sentralt inngått avtalar med fleire fylkeslag om å overføre tilsetjingsforholdet med fylkes-/distriktssekretærene til partikontoret. Desse avtalane medfører også at finansieringa av stillingane blir delt mellom fylkeslaga og SV sentralt. Sentraliseringa av tilsetjingsforholda betyr at fylkeslaga framleis har arbeidsleiaransvaret for sekretæren, medan SV sentralt utøver det formelle arbeidsgjevaransvaret. Tre fylkeslag har valt å halde på arbeidsgjevaransvaret for sine egne sekretærar. I løpet av 2020 har avtalane om fylkessekretærordninga blitt reforhandla med fylkeslaga, slik at bidraget frå fylkeslaga har blitt ein del redusert.

På partikontoret har det vore stabilt og inga utskifting av medarbeidarar i perioden, medan fleire fylke har fått nye sekretærar. I 2020 fekk vi på plass nye og faste stillingar for Troms/Finmark, Nordland og Innlandet. I tillegg har det blitt rekruttert ny sekretær til eitt til fylke i perioden.

I tillegg til dei faste stillingane, har nokre medarbeidarar vorte tilsett på mellombelse kontraktar. I 2019 har dette i all hovudsak vore knytt til ekstra behov i valkampen, medan det i 2020 har vore snakk om vikarbehov for tilsette som har heilt eller delvis permisjon.

Pr 31.12.20 hadde SV ingen fast tilsette med etnisk minoritetsbakgrunn.

Løna tillitsvalde

Namn	Stilling	2019	2020
Kirsti Bergstø	Nestleiar, 100% (Redusert til 50% i perioden 1.1.-14.8.2020)	Heile året	Heile året
Audun Herning	Partisekretær, 100% (Pappapermisjon april-juli og oktober-desember 2019)	Heile året	Heile året

Fast tilsette

Namn	Stilling	2019	2020
Eli Ulvestad	Dagleg leiar	Heile året	Heile året
Hilde Longva	Økonomisjef	Heile året	Heile året
Kristian Fjellanger	Valkampleiar	Heile året	Heile året
Henriett Røed	Kampanjerådgjevar	Heile året	Heile året
Kristoffer Kinden	SoMe-rådgjevar (Permisjon i 20% frå 1.1.2020)	Heile året	Heile året
Silje Amundsen Faugli	Grafisk rådgjevar (40%)	-	1.1.-30.9.
	Grafisk rådgjevar (60%)	-	Frå 1.10.
Endre Flatmo	Organisasjonsrådgjevar	Heile året	Heile året
Nils-Erik Aasen Flatø	Organisasjonsrådgjevar (Permisjon frå 1.4.2020)	Heile året	Heile året
Marius N. Ramsland	Organisasjons- og IT-rådgjevar	Heile året	Heile året
Bodil Kildahl Rosseland	Administrasjonssekretær (Permisjon i 20% frå 1.9.2020)	Heile året	Heile året
Janne Grøttumsbråten	Administrasjonssekretær (50%)	Heile året	Heile året

Pål Julius Skogholt	Rådgjevar, Ja til Nord-Norge	Permisjon	-
Rakel Hagen Olsen	Distriktssekretær, Troms og Finnmark SV	-	Frå 1.3.
Ina Nyås Moe	Fylkessekretær, Nordland SV	-	Frå 1.10.
Frode Nystuen	Fylkessekretær, Trøndelag SV	Heile året	Heile året
Ann Gregersen	Fylkessekretær, Trøndelag SV (70%)	Heile året	Heile året
Morten Heszlein-Lossius	Distriktssekretær, Møre og Romsdal SV og Vestland SV	Heile året	Heile året
Guttorm Strande Syrrist	Distriktssekretær, Agder SV (50%)	Heile året	Heile året
Marit Nagel Rønningen	Fylkessekretær, Vestfold og Telemark SV	Heile året	Heile året
Ronja Andresen	Distriktssekretær, Viken SV	Til 31.7.	-
Adrian Pracon	Distriktssekretær, Viken SV	Frå 1.7.	Til 30.4.
Mathias Malmgren	Distriktssekretær, Viken SV	Frå 1.8.	
Elisabeth Amundsen	Distriktssekretær, Innlandet SV		Frå 1.4.

I tillegg har Oslo SV, Vestland SV og Rogaland SV tilsett fylkessekretærar.

Mellombels tilsette

Namn	Stilling	2019	2020
Petter Dotterud Anthun	Organisasjonsrådgjevar, vikar	-	Frå 16.4.
Christine Bergan Yang	Administrasjonssekretær, vikar (20%)	-	Frå 1.9.
Silje Faugli	Grafisk rådgjevar (40-60%)	1.1.-31.12.	-
Adrian Pracon	Valkampmedarbeidar	4.3.-30.6.	-
Halvor Ekeland	Valkampmedarbeidar (40-100%)	24.6.-31.12.	24.6.-31.12.
	Fylkessekretær Viken SV (20%)		1.5.-30.6.

Victoria Hansen	Valkampmedarbeidar, Troms og Finnmark SV	14.3.-15.9.	-
Kaja Lund	Valkampmedarbeidar, Nordland SV	1.4.-15.9.	-
Selma Ugland	Valkampmedarbeidar, Viken SV	15.6.-15.10.	-
Elisabeth Amundsen	Distriktssekretær for Innlandet SV	Heile året	Til 31.3.

Løns- og arbeidsforhold

SV følgjer landsoverenskomsten mellom Handel og Kontor (HK) og Arbeiderbevegelsens Arbeidsgiverforening (AAF). Frå 1.1.2020 kom det på plass ein felles lønspolitikk for tilsette i SV, som gjeld for tilsette både i partiorganisasjonen og i stortingssekretariatet.

Alle medarbeidarar blir ved tilsetjing plassert inn i ein ansiennitetsstige, etter vurdering av kva kompetanse og ansiennitet dei tek med inn i SV. Vi har 6 ulike stillingskategoriar som tilsette kan innplasserast i, jamfør oversynet nedanfor. Nestleiar og partisekretær er valt og blir dermed ikkje innplassert i dette systemet.

Dei ulike stillingskategoriane, fordelt på kjønn per 31.12.2020:

	Kvinner		Menn		Totalt	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Hospitantar	0	0	0	0	0	0 %
Konsulentar	3	100%	0	0	3	14,3 %
Organisasjonssekretær	5	56%	4	44%	9	42,9 %
Rådgjeverar	2	23%	4	67%	6	28,6 %
Mellomleiarar	1	50%	1	50%	2	9,5 %
Administrativ leining	1	100%	0	0 %	1	4,7 %
Totalt	12	57%	9	43%	21	100 %

Kvinnelege og mannlege tilsette har lik løn for likt arbeid. Tilsette i SV har arbeidstidsordningar og avtalar som er foreinleg med å vere småbarnsforeldre. Alle tilsette har gode moglegheiter for og blir oppmoda om å ta vidareutdanning.

Sjukefråvær

SV var IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) inntil ordninga vart avvikla, og har vidareført intensjonane i ordninga etter avviklinga. Det har vore lågt sjukefråvær i perioden, med eit fråvær langt under landsgjennomsnittet. Det legemeldte sjukefråværet var i 2019 på 2,03%, og det totale sjukefråværet var 3,57%. I 2020 var det legemeldte sjukefråværet på 1,26%, medan det totale sjukefråværet var 2,15%.

Spesielt om kontorsituasjonen i 2020

Dei tilsette både på partikontoret og i fylka har hatt heilt eller delvis heimekontor i store delar av 2020. Dette har gitt utfordringar, både med tanke på fysisk tilrettelegging av arbeidsplassar og for den daglege samhandlinga mellom kollegaer. Alle tilsette har fått høve til å kjøpe inn kontorutstyr for å legge til rette for heimekontor på best mogleg måte. Mykje av møta og samhandlinga kollegaene i mellom har vore meir digital, slik som møteverksemda elles i organisasjonen. Medarbeidarane har vore løysingsorientert og gjort det beste ut av situasjonen, sjølv om arbeidssituasjonen har vore tidvis krevjande.